

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 08.04.14 kl.19.00.21.15

Møtestad : Herand Kulturhus

Til Stades : Dan Danielsen, Sigmund Eiken, Hanne Elisabeth Hesthamar, Sonja Irene Skarde, Knut Haugen, Arne Bergstø, Marta Bergstø.

Sak 1 : Godkjenning av referat frå styremøte 26.03.14. Ingen merknader.

Sak 2 : Brev frå Arjen Stolk.

Leigeforholdet til Arjen Stolk er no avslutta. Han får tilsendt brev attende om dette.

Sak 3 : Helleristningsfeltet.

Leiaren har hatt besøk av forfattar og arkeolog UiB Trond Løddøen og arkeolog Tore Slinning frå Hordaland Fylkeskommune. Dei har reinska feltet og vil koma attende til hausten for å leggja på presenningar som tidlegare er innkjøpt av Riksantikvaren.

Sak 4 : Forslag om at styret innfrir lånet på Herand Kulturhus.

Vedtak utsett til neste møte då kasseraren vår Gerd Ingeborg Haugen vert invitert til å koma og orientera oss om forventa utgifter og inntekter i næraste framtid.

Sak 5 : Orientering om bygdedugnaden ved Sigmund.

Sak 6 : Ymse

1 : Forslag om plakat ang Haustmarknaden alt no med tanke på at folk kan leita fram ting som dei vil gje til Bygdelaget for sal eller auksjon.

2 : Blomar : Marit Samland plantar i Båthamna, pluss 4 krukker rundt omkring i bygda. Styremedlemmene ansvar for vatning av desse, pluss å tømme bosset frå badeplassen og ved busskuret i skulesvingen.

Me set opp ein rulleringsplan for dette på neste styremøte **30.04.14 kl.18.30**

Då gjer me og klar årsplanen for 2014.

Marta Bergstø : skrivar